

## FRA EI FERD I SVERIKE OG FINNLAND.

Av *forsøksleidar Hans Hagerup.*

**M**ED stipend frå Det norske Myrselskap fekk eg sisstledne sumar høve til å ta ei studieferd i Sverike og Finnland. Eg reiste frå Noreg den 24. juni og kom tilbake den 28. juli. På turen hadde eg også høve til å delta i Nordisk Jordbruksforskernes kongress i Uppsala 4. til 7. juli.

Eg vil hermed bera fram min besste takk til Myrselskapets styre for at eg fekk høve til å gjera denne ferda, og eg skal her gi ei stutt melding om denne.

Det som først og framst hadde interesse for meg var å vitja myrforsøksstasjonar og å koma i nærmare samband med dei som arbeider med myrkulturen i desse landa, men elles vart høvet nytta til å vitja andre forsøksstasjonar og planteforedlingsstasjonar i jordbruket si teneste.

I Sverike gjekk reisa til Jönköping og Flahult. I Jönköping hadde då Svenska Mosskulturföreningen sine kontorer og sin vegetasjonsgard, Flahult er forsøksgarden. Ing. Nyström viste omkring og demonstrerte forsøka i vegetasjonsgården. Det var sisste året Mosskulturföreningen hadde sin vegetasjonsgard og sine kontor i Jönköping. Frå 1939 er institusjonen flytta til Ulltuna og slutta saman med Svenska Betes- og Valföreningen.

Både vegetasjonsgarden og Flahult forsøksgard er so godt kjennt her i landet og ofte omskrive, sisst av ass. Hovd i si stipendmelding, so eg skal difor ikkje koma nærrare inn på forsøka som vert dreve. Vi veit at det arbeid som er nedlagt her, har vore grunnleggjande for myrkulturen, ikkje berre i Sverike, men i alle nordiske land og videre utover.

Karforsøka i Jönköping vart utførde dels i noko større betongkar som er nedgravde i jorda, dei kann ha botn eller ikkje botn, dels frittståande betongkar som er mindre. Dessutan har dei frittståande kar av brent leir (Höganäskar) eller og Mitscherlichkar, desse har noko mindre kulturyta. I vegetasjonsgården vert delvis prøvd dei same spørsmål som ved forsøksgarden.

På Flahult vart eg vist omkring av inspektør Åkerberg, som gjennom mange år har styrt denne garden og derved fått eit innigåande kjennskap til denne jords drift. Som kjennt er myrjorda på Flahult ei djup og ganske dårleg kvitmosemyr, dessutan er ein del sandjord. Mosemyra er jordbetra med sand og kalk, pH varierar ein del og kann delvis vera oppi 6. 1 km frå Flahult ligg Svartökärr, der foreningen har sine forsøk på grasmyr. Til burtimot år 1920 hadde foreningen eigedomen Torestorp til forsøk på grasmyr.

Dei ymse forsøka skal eg ikkje her koma inn på, berre nokre ting skal nemnast. Hr. Åkerberg viste meg beitene på mosemyr. Dei hadde gitt sers godt resultat gjennom mange år. Den sisste offentliggjorde kontrollperiode hadde i medel gitt 240 f.v. pr. dekar, og det

må segjast vera eit godt resultat på slik jord. Grøftinga var gjort med 20 m avstand millom dei attlagte grøftene. Dyrking av potet gjekk godt, når frost ikkje skadde graset for mykje, og dei hadde godt resultat av å lysgro (førgro) potetene. Serlege groingshus var bygd for dette fyremål. Kva drifta elles vedkjem, må mosemyr ikkje vera ope til åker gjennom lengre tid, avlingane vil då gå ned. Husdyrgjødsel er nødvendig på mosemyr, elles vil drifta verta for dyr. Hr. Åkerberg hevda at som grøftemateriale på mosemyr som er djup, godt kan bruke teglrør, når det vert lagt sand under og over røra. Det svake punkt ved trelyrane er spikeren, som ruster.

På heimturen frå Finnland hadde eg høve til å vitja Kjemi-sk-vekstbiologiska anstalten i Luleå. Forestandaren for anstalten er a g r. d r. A. Ulander, a g r. L. Agerberg styrer med forsøksverksemda. Denne anstalt vert dreve saman med Norrbotten lens Frøkontrolanstalt. Under anstalten sorterer 2 forsøksgardar, nemleg Sunderby forsøksgard på fastmarksjord og Alträsk forsøksgard på myrjord. Den fyrste ligg 2 mil frå Luleå, den andre ca. 7 mil frå Luleå, 3 mil syd for Boden. Dessutan driv dei lokale forsøk.

Fastmarksjorda ved Sunderby forsøksgard er i sandblanda og moldblanda leirjord. Dessutan finnst det ein del sokalla alunjord, som elles har ein del utbreiding i Norrbotten len nær kysten, og i Finnland. Dette namnet er brukt for visse sulfathaldige jorder, ofte innheld dei fri svovlsyre. Namnet «lettler» er og brukt. I naturleg stand er denne jord vekstskadeleg, den har ein pH på 3 og mindre. Ved grøfting so dei skadelege emne kann vaskast og luftast burt, og ved kalking, vert jorda ei god kulturfjord, som ber gode avlingar. På forsøksgarden vert dreve ei allsidig forsøksverksemd, som eg ikkje kann koma nærmare inn på.

Alträsk forsøksgard på myrjord ligg ca. 5 mil inne i landet, 90 m over havet. Myrjorda er av betre kvalitet, og er nemnt ei därleg molda myrull-brun mose-starr torvmyr. pH svingar frå 3,9 til 5,1, kalkinnhaldet frå 0,19 til 0,70 %. Djupet av myra er frå 2 til 5 m og det dyrka arealet ca. 400 dekar. Det er og ein del fast mark der forsøksgarden sine hus er bygd. Garden ligg på omlag 66 gr. n. br. eller i høve til vårt land på høgd med Mosjøen. Normal nedburd i året er ca. 500 mm, ved Sunderby er denne litt større. Frostneter i tida mai—september er ca. 50.

Det er engdyrkninga som spelar den største rolle ved forsøksgarden. Kornavlen er usikker på grunn av frosten. Her var anlagt grøfteforsøk som hadde gått gjennom lengre tid. Det var samanlikna 20—30—40 og 60 m avstand, med vanleg grøftedjup. Nokon stor avlingsskilnad hadde det ikkje vore millom dei ulike avstandar. Grøftedjupet var vanleg 1 m til 1,20. Hadde myra därleg fall, var det ved forsøksgarden grøfta i teigar eller skifte med opne grøfter, og med 25 til 30 m millom grøftene. Teigane var gjort høgst på midten,



Fig. 1. Frå Sunderby forsøksgard. 4 års eng (gjødslingsforsøk).

Ass. Agerberg demonstrerer forsøket.

omlag 30 cm høgere, so overvatnet lettare rann burt. Dels var og nyitta vatnforer oppteke med drillplog eller potetard for same fyremål. Attlegget til eng vart gjort utan dekksed, det var om å gjera å få eit vellukka attlegg med ein gong, attlegg i grønför vart for dyrt og engbotnen kunne verta mindre god. Etter 3—4 år vilde sølvbunken lett koma inn i staden for dei sådde slaga, timoteien vilde ikkje stå i stort lengre. God planering vart lagt stor vekt på ved attlegget, då det elles vilde bli «isbrann» ved ujamn yte. Ein serskilt planeringsslådd var arbeidt for utføring av planeringa før såing av engfrøet.

Det var serleg betre myrtyper som vart tilrådd til dyrkings, ved dyrking av simplare myrtyper måtte jordbetring til, og det vart dyrbart.

Ved Sunderbyn forsøksgard var oppteke til prøving verknaden av ulike stubbhøgd ved skur og innverknaden av dette på enga.

For mi reise i Finnland (Suomi) hadde forestandaren for Finnska Mosskulturföreningen, kulturingeniør E. A. Malm, vore so gild å utarbeide reiserute. Herr Malm var meg til stor hjelp elles, då eg fekk høve til å reise saman med han i somme deler av Finnland. Soleis var eg i fylgje med han på Landbruksutstillinga i Lapua 10. juli og til forsøksgarden Ylistaro i dette distriktet. Seinare under opphaldet i Helsinki var han min førar ut til Dickursby, der Lantbruksforsøksanstalten ligg, og til vekstforedlingsanstalten Tam misto og vidare austover til Karelen. For denne hjelp vil eg gjerne her få segje han mi hjartelege takk.

Frå Sverik til Finnland reiste eg over Umeå-Wasa. Sverike og Finnland er topografisk sett so ulikt vårt land, at det var for meg noko underleg å reisa der. Uendelege sletter med skog, dyrka jord og myrvidder. Ein vert slegen av dei veldige utviklingsvilkår som desse to landa har i si jord, som ventar på kulturinngrep, og ein forstår at det vert arbeidt godt for utvikling av jordbrukskulturen gjennom forskingsanstalter. Finnland som berre i 20 år har vore sjølvstendig rike, har gjort veldige framsteg i den tida, når det gjeld jordbruk og jordbruksforsking, og det er lagt eit solid grunnlag for vidare arbeid. Ein forstår og at myrkulturen må spela stor rolle, når burtimot tridjeparten av jorda er myrjord.

Det som straks fall i augo på reisa i Finnland, var dei opne grøfter som vart bruka ved utgrøftinga av den dyrka jorda. I Nord-Sverike var det same tilfellet. Grøftene var grunne, ca.  $\frac{1}{2}$  m djupe, og breidda på skiftene (teigane) var ymse alt etter jord, hallet på denne m. v. Dei opne grøfter har sin store fordel i at dei vert billege. Det vert no arbeidt med å få attlagte grøfter i staden, men ein forstår det vil ta lange tider før det er gjenomført. På forsøksstasjonane la dei an på å få attlagte grøfter (tegelrørsgrøfter).

Finska Mosskulturföreningen har sitt hovudsete i Helsinki. Den har 2 forsøksstasjonar, nemleg Leteensuo i sør-vest Finnland, og Karelska forsøksstasjonen i sør-aust Finnland. Mi reise gjekk først til Leteensuo, som ligg ved jarnvegstasjonen av same namn sud for Tammerfors (Tampere). Her vart eg vist omkring av forestandaren for forsøksstasjonen dr. Antti Vesikivi. Denne forsøksstasjonen er eldst, anlagt i 1902. Det dyrka arealet er 85 dekar grasmyr, 30 dekar mosemyr og 65 dekar leirjord. Tilsaman med dyrka og udyrka jord var 655 dekar, det udyrka arealet var mest tallmose (mosemyr). Nedburden ved Leteensuo er normalt 500 mm pr. år og temperaturen 12,6 gr. C. mai—september og 3,6 gr. for året. Eg skal stutt nemma ymse derifrå. Grøfteforsøk har her pågått gjennom lengre tid. Forsøka har gått ut på å finne både høveleg grøftedjup (opne grøfter) og avstand millom deim, dessutan vert prøvd oppdemning av vatnet so grunnvatnet kan halde seg på eit visst nivå i veksttida. Oppdemning av vatnet kunda lett utførast, da det like ved feltet gjekk ei lita elv som vatnet kunde leiast frå og inn på feltet. Det var samanlikna 10—20 og 30 m avstand og 50—75 og 100 cm grøftedjup. Grøftene var opne. Den grunde grøftinga har i fleste tilfelle stått best og snart har 10 m og snart 20 m avstand gjeve beste avling. Den vanlege grøftestyrka var 20 m avstand og 60 cm djupe grøfter.

Leir- eller sandkjøring på myr er mykje brukt i Finnland, og denne jordbetring var tilrådd anten det er god eller dårlig myr som skal odlast. 20 m<sup>2</sup> vert brukt på betre myrar, og 30—40 m<sup>2</sup> på mosemyr. Større mengder leir, f. eks. på 80 m<sup>2</sup> pr. dekar, har sett avlingen



Fig. 2. Frå Leteensuo forsøksgard.

Dr. Vesikivi demonstrerer forsøk på mosemyr.

ned på grunn av at dei fysikalske tilhøve vert mindre gode. Sand har ikkje vist seg so god som leir, ved fornying av jordbetringa vert brukt halve mengda. Pløyninga vart gjort grunnt, 12—15 cm. Driftsomlaupet var 3 år åker og 5 år eng. Havre på vollpløgsle, deretter poteter eller rotvekster, so havre eller bygg. Dyrking av sukkerbeter hadde gått bra og avlingar på 2000 kg beter var vanleg. I fôrverdiar pr. dekar hadde dei stått like bra som neper. Sukkerpst. låg 1 % lægre enn i beter frå fastmark, men betene frå myrjord fekk dei ikkje selja til fabrikkane, då dei meinte at sukkeret vanskelegare kunde utvindast av beter som hadde vakse på myr. Ved fôring med sukkerbeter kunde dei ikkje bruka meir enn 5 kg pr. dag og dyr, då betene sette smak på mjølka. Fôrbeterne viste seg sikrare å dyrka enn vanlege beter.

Forsøk med ymse sortar h a m p var dreve. Den gav god avling og nådde 700 kg stenglar pr. dekar. Dyrking av havre, vår- og haustkveite, bygg, gulrot, neper, sukkerbeter og formargkål vart mest utført på grasmyra, erter/havre, rug og poteter på mosemyra.

Ved samanlikning millom superfosfat og tomasfosfat, stod superfosfat best på kalka og tomasfosfat best på ukalka myr.

F. t. hadde dei ikkje buskap på garden. Beitearealet til hestane låg på mosemyr som var ca. 1 m djup. Beitet var 23 år gammalt. Den årlege gjødslinga var 20 kg. salpeter, 3 kg. P<sub>2</sub>O<sub>5</sub> og 6 kg K<sub>2</sub>O i respektive tomasfosfat og 40 % kalisalt.

Under reisa austover til Karelska forsøksstasjonen, hadde eg høve saman med hr. Malm å vitja Konnunsuo sentralfengsel, og det var svert interessant å få sjå denne store jordbruksseigedommen

som er dyrka og bygd ved hjelp av fangar. Det areal som fengslet råder over til dyrkinga er omkring 40,000 dekar. Av dette areal er mesteparten myrjord, både gras- og mosemyr. Det dyrka arealet er 8,800 dekar, som fordeler seg med 2,800 dekar fastmark, 4,000 dekar grasmyr og 2,000 dekar mosemyr. Gjenom dette feltet låg ein 10—12 km lang veg og ved sida av ein liten jarnveg til frakting av arbeidsfolk til og frå arbeid og frakt av avling. Arbeidet vart utført av fangar som på denne tid var ca. 600 i antal. På garden var 70 hestar. Mosemyra vart dyrka på den måten at overflata vart hakka sund med handmakt, tuvone vendt og overflata godt planera. Leir vart kjørt på og harva inn i myrlaget. Kalking vart ikkje alltid utført, når jordbetringsmidlet var godt. På denne jord vart dyrka rug og eng, som stod pent. Kløveren slo godt til på denne jorda og høyavlingane låg i medel omkring 350 kg pr. dekar. På god myr vart millom anna dyrka gulrot.

Herifrå gjekk ferda til Karelska forsøksstasjonen i Tohmajärvi. Forestandarden for stasjonen er fil. kand. agr. Lauri Salohaimo, som viste meg omkring og demonstrerte forsøka. Den dyrka jorda her er på 391 dekar, av dette er 206 dekar grasmyr, 55 dekar mosemyr, 13 dekar sandjord og 7 dekar leirjord. Dessutan finnst mykje skog. Det er buskap på garden av austfinsk rase. Med omsyn til dei klimatiske tilhøve, so er nedburden litt større her enn på Leteensuo. Medelnedbur for 20 år er 631 mm, derav i mai—september 348 mm. (Til samanlikning skal nemnast at 15 års medelnedbur ved forsøksstasjonen på Mæresmyra er 717 mm, i veksttida 320 mm.) Medeltemperatur for 10 år er 2,84 gr. C. og i veksttida 12,2 gr. C. (På Mæresmyra i veksttida 10,5 gr. C.) Forsøksstasjonen ligg på 61 gr. n. br., Leteensuo på 61 gr. Her i landet svarar dette til midtre Østerdal—Gudbrandsdal—Sunnfjord—Nordfjord. Heller ikkje her skal eg koma nærmare inn på dei ymse forsøka, men berre nemne enkelte ting. Ogso her vert dreve grøtfeforsøk, med ymse grøftedjup (opne grøfter) 30—60—90 og 120 cm djupe, med 20 m avstand, og avstandsforsøk 10—20—30 og 40 m avstand og 1,20 m djupe grøfter. Til vanleg vert grøfta med 20 m avstand og 1,20 m djupe grøfter.

Djupet av myra vareirer, men mykje av myrarealet er 5—6 m djupt. Her var under ledning av prof. Hallakorpi fyretiske målingar av synkinga av myra etter grøftinga. I laupet av 5—6 år var målt synking (sätning) på 60 cm; av denne synkinga fall 30 cm på grøftedjupet og 30 cm på myra under grøftebotnen. Ertforsøk til mogning vart utført både på fastmark og mosemyr, det viste seg at under varme somrar gjekk ertene bra ogso på mosemyr. Mange av forsøka var dei same som på Leteensuo, som rimeleg var, soleis var det forsøk med sand- og leirkjøring på myr. Til vanleg vart brukta jordbetring på begge myrtyper. Sort- og såtidsforsøk vart utført på dei ymse jordtyper og med dei vanlege kornslag, poteter og rotvekster. Kalking og gjødslingsforsøk o. s. b. Det vart ogso utført ein del skog-



Fig. 3. Frå Karelkska forsøksstasjonen. Ertforsøk på mosemyr, med herrane Malm (til høgre) og Saloheim o i erteråkeren. I bakgrunnen høyberging på pinnestaur som er vanlig i Finnland.

dyrkingsforsøk, f. eks. leirkjøring på mosemyr for å utrøyne korleis trea klara seg då på denne jordtype.

Meteorologiske observasjoner vart utført på begge stasjonar, til dels med sjølvregistrerande apparater.

Hr. Saloheim var so gild å vise meg omkring i omlandet, millom anna kom vi til a gr. A. Brander på Koivikko gard. Det er ein stor eigedom på 1800 dekar dyrka jord, av dette ganske mykje myrjord. Her var gjennomført vatning av ca. 500 dekar jord ved oppdemming. Vatnet vart ført i open kanal ganske lang veg, og so fordelt i dei opne grøftene på feltet, so jorda kunde trekke vatnet til seg.

På garden var 120 kyr, som om somaren gjekk på gode beiter. Til vinterfør vart lagt ned mykje A.I.V.-før. Av potet var 120 dekar, millom anna var det 6—7 dekar ved garden, denne åker var inngjerda, og i august—september gjekk der 30 griser 1 månads tid og «tok opp» desse potetene. Millom potetene var og sådd bondbønner, desse tok grisene først. Grisene fekk ikkje anna mat den tid og dei greidde seg godt og gjorde bra arbeid.

Av andre institusjonar eg hadde høve til å vitje i Finnland var Lantbruksprøveanstalten på Ånäs, Dickursby, eit stykke utanfor Helsinki. Denne eigedom er på 960 dekar, det meste jord av leirkarakter. Anstalten har 6 avdelingar her, nemleg for agrikultur og -fysikk, vekstodling, vekstsjukdomar, skadedyr, husdyrforedling og husdyrskjøtsel. Avlingen for vekstforedling er lagt til Jockis gods,

som og staten eig. Forsøksstasjonane ute i distrikte er leida frå denne anstalten. Av desse er i alt 8 st. På den eine er både forsøk med jordbruks- og hagevekster. Ein ny er under planlegging i nordre Finnland (Rovaniemi). Der faste forsøksstasjonar vantar, er det faste forsøksfelter, antalet av desse er 24. Den lokale forsøksverksemda vert og leida frå denne anstalt. Dessutan har staten ein beiteforsøksgard, Seelke i Moihijärvi, eit stykke vest for Tammerfors.

På Lantbruksforsøksanstalten vart forsøka i vekstodling vist av ass. Lä h d e og prof. Tu o rila. Her vart utført såtids- og sortforsøk med korn- og rotvekster og ei rekke andre forsøk, som pløyings- og arbeidingsforsøk, gjødslingsforsøk, såmengder, frøblandingar o.s.b. som eg ikkje skal koma nærmare inn på. Eg skal nemne at haustkveite i dette distriktet gav større avling enn vårkveite når overvintringa var god. Besste såtid for haustkveite og haustrug var sist i august månad, tidlegare eller seinare såning gav dårligare resultat og kunde gi heil misvekst ved rett tidleg sånad.

Av lokale forsøksstasjonar vitja eg Södra Österbotten forsøksstasjon på Ylistaro i Lappo, og Norra Savolax, Maaninka i mitte Finnland.

Forestandaren på Ylistaro er m a g. H o n k a v a a r a. Eigedomen er på 300 dekar dyrka jord og 1400 dekar skog. Jorda er ei leirjord, delvis sokalla alunjord som ved grøfting kann få temmeleg låg pH-verd, den gir gode utslag for kalking, den mest lønnsame kalking har betalt seg på 4 år. Garden er delvis grøfta med attlagte grøfter, som er teke 1,2 til 1,3 m djupe og avstand 10—12 m. Nedburden er der 5—600 mm. Jorda har elles ein pH 4,7—6,2. Her vert dreve forutan kalkingsforsøk, gjødslings-, sort-, slåttetidsforsøk o. fl. Sidan opprettinga av stasjonen i 1927 har forsøka gitt gode resultat.

Forestandaren ved Norra Savolax stasjon er a g r. M. Salminen. Eigedomen er på 1,100 dekar dyrka jord og 2,600 dekar skog. Av den dyrka jorda er 600 dekar fastmark liggjande nærmast garden. Det er mest sandjord. Av myrjord er 500 dekar liggjande i to avdelingar eit stykke fra garden. Garden ligger vakert til ved Maaninkasjøen. Her vert dreve ei utstrakt forsøksverksemde. Av korn var rug mest dyrka i dette distriktet, men også vårkveite, som her gav større avling enn haustkveite. Bygg var og mykje dyrka. Rugbrød var det vanlege brødet. Av forsøk skal nemnast sortforsøk med korn og rotvekster, og sortforsøk med hamp og tobakk. Sortforsøk med gulrot kombinera med ulike såtider, haust og vår. Haustsåing av neper gav blomstring året etter, men frø av dette gav vanlege røter. Av kornslag utanom forsøka var dyrka Diamant vårkveite, Majabygg og Kytø havre. Beiteforsøk vart og dreve.

Eg hadde også høve til å vitja statens beiteforsøksgard på Seelke, Moihijärvi. Forestandaren er dr. C. A. G. Charpentier. Dette er ein stor eigedom på ca. 2,000 dekar dyrka jord og

beiter, forutan skog. Av beiteforsøk som vart dreve skal nemnast: ymse frøblandingar til beite, ymse måtar å forbetra beitet på, gjødslingsforsøk, ulike framgangsmåtar for omlegging av gammal vold til beite. Det var brukta store rutor der avkastnaden vart kontrollera med beitande dyr, anten sauor eller kyr, 3 à 4 samrutor vart brukta. Her var og prøvd med griser på beite. Til veksande griser og purker med smågriser gav ikkje beitet nok, men utvaksne dyr greide seg.

I nærliken av Helsinki ligg sentralandelsslaget Hankijas vekstforedlingsanstalt Tammisto. Leidaren her er m a g. Otto Walle. Her vert dreve foredlingsarbeid med korn-, engvekster og rotvekster, og utstrakt prøving av sorter. Selskapet feira for ei tid sidan 25 års jubileum og sende då ut ein ny byggsort — Tammi —, ein kryssning mellom Asplund og Vegabygg. Tammi har gitt 10 % større kornavl enn Vega og er 2 dagar tidlegare. Av foredlingsprodukt derifrå er Kytøhavre kjent i vårt land.

I Sverike var eg på dei to kjende vekstforedlingsstasjonar Weibullsholm og Svalöf. Ved Weibullsholm vart forsøka demonstrera av a g r. E. Å ker b erg, som forestår foredlingsarbeidet med engvekster, erter, havre, rug og poteter. Av foredra vekster derifrå har vi prøvd ved Myrselskapets forsøksgard: Arla og Bambu havre, Pukebygg, timotei — Kämpe II, Primo engrapp, Reptans raudsvingel, Immuna nepe og Weibulls fôrsukkerbete.

På Svalöf vart forsøka demonstrera av a g r. B o d e l s o n. Eg kann heller ikkje her koma inn på det store arbeid som her vert utført, men berre nemne at vi her har prøvd desse foredra sorter frå Svalöf: Gullregnhavre I og II, Orion II, Odalhavre, Bortfelder nepe og Gloria timotei.

Ved Alnarp landbruksinstitutt i Skåne, vert dreve ein del forsøksverksemdu. Det er i eit sukkerbetedistrikt og forsøk med desse vert mykje dreve, likeso med forbeter. Av kornslaga inntok kvitedyrkinga største plass, mest haustkveite, og av bygg vart dyrka toradsbygg. Jorda er ganske kalkrik, difor inntok havre, potet og rug liten plass. Av sortar vart dyrka Aring og Skandiakveite, og Kenniabygg. Av interesse var og beitene ved Öresund (Strandmarken). Dei ligg på sandjord som tidlegare var ansett som impedimenter.

Under ekskursjon etter kongressen i Uppsala vart Offer forsøksgard i Vester-Norrlands län vitja. Verksemda her tok til i 1931. Forestandaren er a g r. Gustav Ericsson og ass. a g r. Hugo Winkler. Egedomen er på 647 dekar i alt. 450 dekar er dyrka. Jorda er ganske kalkrik, pH ligg millom 6 og 7. Det viste seg millom anna i dei vakre kløverengjer som der var. Jorda er av leirjordkarakter. Vekstskiftet var 3 år åker, med havre på ompløgd eng, eller grønfôr og haustrug, derpå rotvekster og grønfôr, so bygg eller havre med innsådd til eng som var 4-årig. Av arbeidsoppgåvor som stasjonen hadde skal nemnast engdyrkingsproblemene i dette distrik-

tet — gjødsling av enga m. v., kvaliteten av dei ymse engvekster, engfrødyrkning, forsøk med ymse engvekster, grøfteforsøk o. s. b. Stasjonen sitt lægje svarar i n. br. omlag til Røros-Molde i landet vårt.

Mære den 6. februar 1939.

*Hans Hagerup.*

## ÅRSBERETNING FOR TRØNDELAG MYRSELSKAP FOR 1938.

(35. ARBEIDSÅR).

**M**EDLEMSTALLETT har i 1938 vært 36 årsbetalende og 18 livsvarige, tilsammen 54 medlemmer. Samtlige medlemmer er sendt gratis «Meddelelser fra Det norske Myrselskap».

I beretningsåret har selskapet fortsatt sitt arbeid med kartlegging og bonitering av en rekke myrområder i begge Trøndelagsfylkene.

I Sør-Trøndelag er der kartlagt et område (Børmark) i Nord-dalen i Å. Arealets størrelse 18,375 da. Eiendommen er nå kjøpt av Ny Jord og skal utparselleres til bureisingsbruk. Arealet består av skog og fjell 14,962 da, fastmark 200 da, grasmyr 832 da, brenntorvemyr 68 da og mosemyr 2,098 da.

Dessuten er der i Sør-Trøndelag kartlagt et område, Målsjøen utmark i Klæbu. Areal 1726 da, hvorav 63 da fastmark, 61 da grasmyr, 482 da mosemyr og resten skog og fjell. Feltet ligger like intil et område, Løksmyrene, som ligger på grensen mellom Klæbu og Flå, og som ble kartlagt i 1936. Spørsmålet om bureising på disse felter er for tiden under bearbeidelse.

Videre undersøktes et dyrkingsfelt, Vamyra i Stjørna. Areal 800 da. Dette felt er delvis under oppdyrkning.

I Nord-Trøndelag er der undersøkt ialt 7 myrfelter i Grong: Spjøtmyra 577 da, Verkesmyra 1,409 da, Førinumsmyra 388 da, Moumsmyra 170 da, Håkestjønnmyra 429 da, Spennmyra 912 da og et mindre felt ved Røhyllas utløp i Luru på 21 da.

Alt i alt er der kartlagt i Nord-Trøndelag.....	3,906 da.
i Sør-Trøndelag .....	20,907 »

---

Tilsammen i 1938: 24,807 da.